



ALARSENTRALEN

SOGN OG FJORDANE

Florø, 27. februar 2019

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap
Postboks 2014,
3103 Tønsberg

Søknad om å vere pilot for utprøving av situasjonsdeling, makker-løysingar og nettvevd samhandling i utviklinga av nytt oppdragsstyringssystem

Samandrag

Styringsgruppa for ny Vest 110 region meiner det er viktig å utvikle løysingar for situasjonsdeling, makker-løysingar og nettvevd samhandling. Dei oppfordrar DSB til at virtuelle løysingar for naudmeldingstenestene kjem på plass og vert prøvd ut.

Styringsgruppa stiller seg positive til at Alarmsentralen i Sogn og Fjordane (ALSF) utarbeidar søknad om - og tek ansvar for - ressursar til dette.

Representantskapet i ALSF er samd og har vedteke å ta ansvar oppfylging av ei slik målsetting innafor sitt geografiske ansvarsområde¹. Desse konklusjonane vart presentert for DSB i møte 21. januar 2019. Ein av konklusjonane var at ALSF sender søknad om virtuell samhandling innan 1. mars 2019.

I samband med innføring av ny teknologi søker difor ALSF DSB om å vere pilot for utprøving av:

- *Nytt naud-melding- og oppdragsstyringssystem*
- *Virtuell 110-sentral i Bergen/Florø*
- *Framtidig situasjonsdeling 11X - regionalt og i felt*

Det vil ikkje være mogeleg å prøve dette utan investering i m.a. system, kompetanse og utstyr. ALSF er budd på å oversende ein detaljert prosjektplan om DSB no ynskjer det.

¹ Noverande Sogn og Fjordane fylke, med unntak av Gulen og Solund kommunar

Bakgrunn

DSB har vedteke å opprette ein 110-naudmeldeteneste i Region Vest. 43 kommunar i Sogn og Fjordane og Hordaland utgjer den ny regionen frå 1.1.2020. Bergen kommune er pålagt å etablere og drive tenesta.

DBS sitt vedtak om å slå dei to 110-tenestene i Sogn og Fjordane og Hordaland saman løyste ut ideen om ein nettvevd (virtuell) sentral med to lokasjonar (Bergen/Florø). Sogn og Fjordane fylkeskommune tok i brev av 24. november 2015 eit initiativ og samarbeidde med KS om å be om utprøving av ny teknologi.

Som følge av dette initiativet vart det etablert eit partnerskap mellom Bergen Brannvesen og Alarmsentralen i Sogn og Fjordane IKS for å greie ut den mest tenlege måten å gjennomføre reforma på og med m.a. utprøving av virtuell sentral.

Arbeidet er forankra i brev frå DSB 21.10.2016 etter plan datert 1. juli 2016.

Partnerskapet fekk greidd ut, men ikkje testa ei virtuelle løysing. Teknologien er enno ikkje tilgjengeleg og eit prøveprosjekt kan først gjennomførast ved innføring av ny teknologi. Årsaka er at med eksisterande system² kan ikkje to lokasjonar koplast til ein database.

Arbeidsgruppa Tekniske løysingar tilrådde likevel i sin rapport 1. februar 2018 ei framtidig løysing tufta på ny teknologi. Den tilrådinga ligg som vedlegg.

Det er samstundes semje mellom partane om at den nye 110-regionen bør være etablert innan august 2021 som ei reindyrka³ 110-sentral med einskapleg leiing, kommando og kontroll⁴.

ALSF er meir enn 110-sentral

110-aktivitet som i dag ligg til Alarmsentralen i Sogn og Fjordane er berre ei mindre del av det verksemda driv med. Det store volumet ligg i ikkje-lovpålagde oppgåver som responscenter for tryggleiksalarmar, automatiske alarmar og sprinkelanlegg innafor det geografiske ansvarsområdet.

Vi ser difor føre oss å drive Region Vest med to sentralar som kan utøve 110 oppgåver. Ein slik organisering vert forankra i gjeldande vedtak, lovverk og kommunane i regionen⁵.

Nettvevd (virtuell) sentral i Florø

Stortinget venta at prosessane omkring samanslåing ville ta tid, og dei forutsette medverknad frå kommunane i prosessen fram mot samanslåing⁶. Vi har gjennom samarbeid med Bergen Brannvesen nytta høve til å øve påverknad på prosessen med å forme ut grunnlaget for ei virtuell løysing.

Styringsgruppa for ny Vest 110 region meinte at det i reforma er viktig å utvikle løysingar for situasjonsdeling, makker-løysingar og nettvevd samhandling. Dei stiller seg difor positive til at ALSF utarbeidar denne søknaden.

Representantskapet i ALSF IKS positive

8. januar 2019 handsama representantskapet i Alarmsentralen i Sogn og Fjordane IKS styringsgruppa si sluttrapport og gjorde slike vedtak:

² Vision, «End of Life»

³ Berre lovheimla oppgåver

⁴ Til dette ligg og redningsleiing (LRS), Einskapleg Leiing System (ELS)/Kommunalt Krisestab (KK) og støtte til innsatsleiarane i felt.

⁵ Styringsgruppa har gått inn for ei løysing med Bergen kommune som vertskommune og organisering i samsvar med kommunelova.

⁶ Prop. 61 LS (2014-2015) Endringer i politiloven mv.

«Representantskapen er positivt til at det framleis skal bli arbeidd med nettvevd naudmeldeteneste, ref. rapport frå styringsgruppa for samlokalisering av 16.08.2018.

Representantskapen ber om at dette også vert eit mål for ny 110 region å realisere.»

.....

«Representantskapen støttar arbeidet med nettvevd samvirke mellom alle naudmeldetenestene, 110,112 og 113 sentralane, og ber om at dette vert eit viktig målsetting også for ny region. Representantskapen støttar styringsgruppa av 16.08.2018 si innstilling, der prosjektansvaret for oppfylgning av målsetting ligg til ALSF.»

Ny teknologi

Nettvevd samlokalisering kan bli forstått som fleire sentralar, på forskjellige lokasjonar. Desse utgjer éin organisasjon med felles kultur og felles handtering av oppgåver. Sentralane har til rådvelde ikt-løysingar som gjer at operatørane kan samarbeide på tvers av lokasjonar. Løysinga tek utgangspunkt i korleis teknologi kan nyttast for å få til eit tett og dynamisk samarbeid mellom sentralane. Det har vore lagt vekt på om ei slik organisering kan auke sentralane sin kapasitet og beredskap, her under organisering, prinsipp for oppgåveløysing og samhandling.

Med eit nytt system for naud-alarmering og oppdragsstyring kan situasjonsdeling, makker-løysingar og nettvevd samhandling om kort tid verte mogeleg, og til og med ynskjeleg. Vi viser her til vedlegget, henta frå «Delrapport fra arbeidsgruppe Tekniske løsninger» der dei syner korleis.

Vi er kjent med konklusjonane i Nasjonalt Nødmeldings Prosjekt⁷ og det arbeidet DSB no gjer for betre samspel mellom 11X-tenestene nasjonalt. Etablering av neste generasjon teknologi gjennom, m.a. RFI⁸ og forarbeidet til innkjøp, kravspesifikasjon, kostnadsfordeling og framtidig eigarskap er og godt kjent.

Vi er dessutan merksam på at særleg situasjonsdeling mellom 11X-løysingane reiser ei rad juridiske spørsmål.

I statsbudsjettet⁹ for 2019 seier departementet m.a.:

«Samordning kan vere utfordrande, og ein viktig føresetnad for å lukkast er at aktørane har ei felles situasjons- og risikoforståing og eit felles bilete av kva som er særleg viktig å prioritere.»

I Granavold-plattformen går det fram at regjeringa vil prioritere ein snarleg oppgradering av IKT-system innafor området og dessutan:

«Gjennomgå beredskapkapasiteten i kommunene, inkludert rollefordeling mellom brannvesen, politi og helsevesen.»

Dette bør ikkje gjelde berre mellom aktørane sentralt, men og regionalt og i felt. ALSF vil vere test-arena for å sikre regional og lokal samhandling innafor dei nasjonale prosessane og rammene som no fell på plass. Det er vesentleg at ein slik test-arena vert etablert no, samstundes med innføring av ny teknologi. Denne søknaden byggjer på det.

⁷ Sluttrapport Anbefalinger - En forbedret norsk nødmeldingstjeneste

⁸ 2017/10082 Command & Control system for Fire & Rescue PSAPs in Norway

⁹ Prop. 1 S 2018–2019 Justis- og beredskapsdepartementet s. 153

Lokalkunne

Detaljert lokalkunne er ei utfordring i einingar med stort geografisk ansvarsområde.

Koplinga mellom 110-oppgåvene og responscenter for velferdsteknologi har sikra ALSF slik unik kompetanse i dei kommunane i Sogn og Fjordane som er tilslutta sentralen. Røynslene med reformene så langt har synt at slik lokalkunne er krevjande å utvikle i nye einingar, med fleire avvik og lengre responstid som resultat.

11X

I arbeid med å teste ut virtuelle løysingar for 110 sentralane er det dessutan viktig å klargjere for eventuelt samarbeid mellom 11X sentralane om mogeleg situasjonsdeling og ta omsyn til felles grensesnitt. Då kan vi vurdere virtuelle samvirkeeffekt mot fysisk samlokalisering.

ALSF har difor hatt dialog med Helse Førde **vedrørande AMK-funksjonen** og politileinga i fylket.

Det skjer liknande prosessar med AMK sentralane på Vestlandet. Dei er interessert i eit vidare samarbeid. Det er venta at den nye løysinga for AMK sentralane vert lagt ut på DOFFIN ila våren, **med oppstart av pilot ved AMK Førde i nært samarbeid med AMK Bergen hausten 2020**

Eit samarbeid om situasjonsdeling er og interessant for politiet, men dei kan ikkje medverke her utan at det vert prioritert av overordna mynde.

Virtuelt kontrollrom

Bruk av moderne teknologi til å knyte saman 110-sentralane i Bergen og Florø elektronisk, kan også klargjerast for elektronisk kommunikasjon mellom alle kontrollromma/-operasjonssentralane til dei tre naudetatane.

Elektronisk samanbinding kan vere svært kostnadssparande samanlikna med fysisk samlokalisering. Samstundes vil integriteten til kvar av sentralane òg verte ivareteke, noko som ikkje minst helsevesenet har peikt på som svært viktig.

Det viktigaste føremålet vil vere å betre samvirke ved felles innsats. Det kan også klargjerast for elektronisk samvirke med Hovudredningssentral ved redningsaksjonar.

Elektronisk samhandling vil støtte opp om arbeidet med å få etablere eit felles situasjonsbilde, regionalt og i felt. Vi er kjent med at det her og går nasjonale prosessar og viser dessutan igjen til vedlegget med m.a. bruk av videoteknologi.

Parallele prosessar

I tett dialog med KS og kommunane vert det samstundes arbeidet med å vidareutvikle ALSF som responscenter for Velferdsteknologi. Det vil opne for eit større omfang av særskilte oppgåver på tvers av etatar og forvaltningsnivå, men innfor eit avgrensa geografisk område med krav om god lokalkunne.

Samordning mellom 11X-sentralane, regionalt og i felt, vil bli viktig i framtida. Vi ber difor DSB støtte opp under vårt regionale initiativ for å sikre

- *felles situasjons- og risikoforståing på tvers av sektorgrensene*
- *betre risikovurdering*
- *eit felles bilete av kva som er særleg viktig å prioritere.*

Sluttord

For å få til dette må vi prøve ut:

- *Nytt naud-melding- og oppdragsstyringssystem*
- *Virtuell 110-sentral i Bergen/Florø*

- *Framtidig situasjonsdeling 11X - regionalt og i felt*

Dersom Direktoratet syner positiv interesse vil vi relativt raskt kunne oversende ein projektskisse som er godt regionalt forankra både blant 11X-aktørane og politisk.

Vi ser fram til Direktoratet sitt svar på denne søknaden.

Helsing



Øyvind Bang Olsen

Styreleiar

Kopi:

Brannsjefen i Bergen kommune

KS Sogn og Fjordane v/leiaren

Sogn og Fjordane fylkeskommune v/fylkesordføraren

Fylkesmannen i Vestland v/beredskap

Vedlegg:

6. ANBEFALTE LØSNINGER¹⁰

Med bakgrunn i ovennevnte beskrivelser og analyser legger arbeidsgruppen for Tekniske løsninger fram følgende anbefalinger til tekniske løsninger for nye Vest 110-region:

Mottak og overflyt av 110-anrop (ICCS)

- *Dagens løsning der nødsamtalen rutes på bakgrunn av innringerens geografiske posisjon, anbefales videreført*
- *Løsninger for omruting og overflyt åpner for effektiv samhandling på tvers av geografisk lokalisering, og vil gi Vest 110-region fleksibilitet når det gjelder ressursutnytting m.m. Det finnes tilfredsstillende tekniske løsninger for dette, men det må etableres klare rutiner og retningslinjer for implementering*
- *Vi anbefaler tett kontakt med DSB ang. kartlegging og kravspesifikasjon for framtidig oppdragshåndteringsverktøy, og mener prøveprosjektet i Vest 110-region kan ha referanseverdi for dette*
- *Vi anbefaler at det i ICCS gjøres forsøk med å ha ett felles kommunikasjonsrack for ICCS som begge sentralene kobler seg opp mot*

Mottak av automatalarmer (Transfire 8)

- *Skisserte konseptløsninger for alarmbehandlingssystem tilknyttet Transfire 8 vil ivareta kravet om felles system av automatalarmer i nye Vest 110-region*
- *Vi registrerer at det teknisk sett er fordeler og ulemper ved både Master- og Makkerløsningen*
- *ROS-analyse og kostnadskalkyler bør gjennomføres før man kan konkludere ang. foretrukket løsning i prøveprosjektet*

Oppdragshåndtering og loggføring (VISION)

- *Vi anbefaler at Brann og Driftsorganisasjonen gjennomfører eksport / import og test av database i sitt lukkede testmiljø for å verifisere om metoden kan brukes til sammenstilling av databasene.*
- *Vi anbefaler tett kontakt med DSB ang. kartlegging og kravspesifikasjon for framtidig oppdragshåndteringsverktøy, og mener prøveprosjektet i Vest 110-region kan ha referanseverdi for dette*

Andre systemer og løsninger

- *UMS: For å ivareta beredskap og mulighet til utalarmering på tvers anbefaler vi at sentralene slås disse sammen til en felles brukerkonto*
- *CIM: Vi anbefaler at Florø får tilgang til Bergen sin CIM-løsning, og legger inn nødvendig informasjon i dette verktøyet*

Oppsett av operatørplasser

- *Vi anbefaler at man ved innføring og implementering av fagsystemer tilstreber felles oppsett av arbeidsflate, kolonner og fanestrukturer m.m.*

Digitale løsninger for videreutvikling av arbeidsstedene

- *Vi anbefaler at det etableres videoteknologi for fleksibel samhandling mellom de to sentralene*

¹⁰ Utredning av virtuelle løsninger i forbindelse med etablering av - Vest 110-region- Delrapport fra arbeidsgruppe Tekniske løsninger, 1. februar 2018